



Arkoconsult As
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1898 - 16/17805

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.06.2016

Ferdigattest masseutskifting - gbnr 137/188 Alver.

Administrativt vedtak. Saknr: 314/16

Tiltakshavar: Bolig & Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.12.2011.

Kommunen legg utgreiinga frå ansvarleg søkjar til grunn og gir fritak frå vilkåret som er sett i byggjeløyvet om at området skal dekkast med jord og såast til. Det aktuelle området skal, i tråd med godkjend reguleringsplan, nyttast til parkeringsareal. Det ligg føre søknad om opparbeiding av infrastruktur for området, jf søknad mottatt 20.04.2016.

Delar av området er planert på kote + 54,2 då det er tilkjørt steinmassar til området for å tilretteleggja for ytterlegare masseutskifting av området mot nordaust. Kommunen gjer merksam på at masseutskifting av nye område vil vera søknadspliktig etter reglane i plan- og bygningslova.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.06.2016.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for masseutskifting av del av gbnr 137/188 slik det er søkt om.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1898

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bolig og Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult As

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN